



Opptaksutvalet

Uttale til Opptaksutvalet frå Sogn regionråd

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd etablerte i 2019 eit prosjekt for kommunane for å bidra til å møte dei lokale behova for kvalifiserte sjukepleiarar, no og i framtida. Gjennom dette arbeidet har vi fått konkrete erfaringar på kva for rammer som er viktige for at ei slik desentralisert utdanning skal fungere optimalt.

Vi trur det er behov for å gjere nokre nasjonale grep, for å nå samfunnsmåla om tilgang til fleire kvalifiserte sjukepleiarar, og bidra til at den einskilde sine mål om slik utdanning kan bli realisert. I arbeidet vi gjer i Sogn har vi god kontakt med andre regionar i Vestland fylke, og erfaringane er i stor grad dei same over heile fylket.

Vi ser av mandatet til utvalet at hovudfokus er spissa inn mot opptaksreglar. Vi viser til mandatet:

«Det oppnevnes derfor et utvalg som skal foreta en helhetlig gjennomgang og vurdering av regelverket for opptak til høyere utdanning. Utvalget skal komme med sine anbefalinger til Kunnskapsdepartementet om hvordan vi kan lage et forståelig og fleksibelt opptaksregelverk, som ivaretar søkerens rettssikkerhet og som kan tilpasses fremtidens høyere utdanning og den teknologiske utviklingen.»

Vi ser at utvalet også skal ha ei litt breiare tilnærming for å bidra til å nå regjeringa sine mål:

«Regjeringen er opptatt av at høyere utdanning skal bli mer tilgjengelig og at flere skal fylle på med mer etter- og videreutdanning underveis i yrkeslivet, jf. Meld. St. 14 (2019–2020) Kompetansereformen – Lære hele livet.»

Vi viser til dykkar drøftingar referert frå møte i Trondheim 20.-21. mars 2022:

«Selv om utvalget legger stor vekt på at unge søkere skal komme inn i høyere utdanning, vil det fortsatt være viktig at opptaksregelverket for grunnutdanningene legger til rette for livslang læring.»

Sogn regionråd har følgjande innspel til Opptaksutvalet:

1. Kvalifisering

Spørsmål:

- Er det noen av dagens alternative måter å oppnå GSK på, som bør endres eller fases ut?
- Hva mener dere om å innføre en standardisert kvalifiserende prøve som et supplement eller en erstatning for søkere som ikke har GSK fra videregående opplæring?

1) Opptakskrav i matematikk og norsk

Opptakskravet er karakteren 3 i norsk og matematikk og timetal i norsk (393 timar) og matematikk (224) til sjukepleiarutdanninga. Sogn regionråd meiner karakterkravet 3 bør oppretthaldast, men timekravet bør fjernast. Dette inneber at vidaregåande allmenn studieretning og yrkesfagleg studieretning vert sidestilt med omsyn til karakterkrav.

2) Endre krava til innhald i norskfaget

I lys av dei måla som er sett for å få til kvalifiserte sjukepleiarar, må vi sjå på innhaldet og lengda på norskfaget i slike yrkesretta studieførebuande løp. Vi ser at krava i norskfaget er eit stort hinder for mange til å få GSK, og med det grunnlag for å starte sjukepleiarutdanninga. Det som er viktig når dei skal ut i arbeid, er evna til å skrive gode rapportar o.a. som er direkte knytt til arbeidet, og at dei kjenner seg trygg på det norske språket (om dei er framandspråklege). Det er difor behov for å sjå på innhaldet som i dag vert lagt til grunn. For å få til det kan det kanskje vere to vegar å gå:

- Definere på nytt kva for fagdelar som skal vere med i faget, og kva som kan gå ut, og om andre fagtema må inn. Som døme på innhald vi meiner ein bør vurdere å ta ut er knytt til norsk litteratur, sjangervurderingar, historie m.m.
- Sette krav til ein standardisert kvalifiserande prøve i norsk, basert på definert faginnhald, som erstatning for vanleg norskeksamnen. Vi meiner det er svært viktig at vi no set i gang ein eigen pilot med «kvalifiserande prøve», og ikkje «vente på svenskane». Vi har ingen tid å misse, og vi må så snart råd er søke å få våre egne erfaringar med slik prøve.

Spørsmål:

- *Er det viktig å beholde realkompetansevurdering som en vei inn i UH?*

Ja, det meiner vi er heilt avgjerande. Endringar i samfunn, arbeidsliv, teknologi og næringsstruktur gir nye kompetansebehov. Fleire som allereie er i arbeidslivet vil trenge ny kompetanse gjennom heile livsløpet. Med endra karriereløp vil fleire etterspørje og ha behov for å ta utdanning nærare der dei bur.

Med bakgrunn i vårt arbeid er vi opptekne av å sjå korleis personar som er motiverte for høgare utdanning kan få det, enten dei som utgangspunkt har GSK eller ikkje. Vi er einige i at ordninga med GSK fungerer godt, men at det må vere fleire vegar inn til høgare utdanning. Gode reglar for vurdering av realkompetanse vil vere ein viktig veg, og ein heilt avgjerande veg.

2. Rangering

Spørsmål:

- *Hvilke andre mål enn å få inn de best kvalifiserte søkerne bør opptakssystemet ivareta?*

Sogn regionråd meiner det bør vera eit overordna mål at studiane vert dimensjonerte i tråd med arbeidslivet sine behov.

I ein situasjon der samfunnet skrik etter behov for sjukepleiarar, og vi ser at lokalt utdanna personar er mest stabil arbeidskraft, er det viktig å bidra til eit system der gode folk med motivasjon frå alle kommunar/lokalsamfunn, kjem inn i og fullfører ei slik utdanning. Vi trur det difor er rett å ha ei breiare tilnærming enn berre fokus på karakterar. Høgskulen på Vestlandet har tidlegare hatt eit opplegg med at kommunane var involvert i å vurdere personar som søkte på desentralisert utdanning. Då fekk vi ein mykje betre vurdering av motivasjon og personlege eigenskapar, både til å

vere i stand til å halde ut i eit så langt løp og vere egna til denne type jobb. Denne praksisen er no endra, slik at det er høgskulen som styrer heile inntaket og lokalt veit vi ikkje kven som har søkt eller kome inn blant dei kommunalt tilsette. Det gjer det vanskelegare å følgje opp den einskilde og legge til rette for aktiv støtte og nødvendige praksisplassar undervegs. Vi meiner faktorane: lokalt utdanna folk, personlege eigenskapar og ha rett motivasjon for studiet, er avgjerande faktorar for å få dekkja behova, og gjere det mogleg for den einskilde å utvikle seg ut frå eigne føresetnader.

3. Organisering

Spørsmål:

- *Bør vi ha et felles regelverk for opptak til alle typer studier?*
- *Er dagens felles regelverk til hinder for hvordan dere ønsker å gjennomføre opptak (spørsmål til universitet og høyskoler)?*
- *Hva er viktigst: å ha et effektivt opptakssystem eller å ha muligheten for å ta hensyn til andre kriterier enn karakterer, for eksempel motivasjon eller egnethet?*

Vår erfaring er at det må vere rom for å vurdere andre kriterium til opptak til desentraliserte bachelorprogram for vaksne, som t.d. motivasjon og personlege eigenskapar.

Prognoser frå SSB viser at det vil mangle 28 000 sjukepleiarar i 2035. Utdanningssystemet er heilt avgjerande om ein skal lukkast med å få fleire utdanna sjukepleiarar. Fleire av høgskuleutdanningane i vår region er retta mot offentleg sektor og dei store velferdssektorane. Kommunane bør vera med utveljingsprosessen før opptak til desentralisert sjukepleiarutdanning og kan i desse vurderingane ta omsyn til motivasjon og personlege eigenskapar. Slik får kommunane oversikt over kven av dei tilsette som søker og får moglegheit til å prioritera søkjarar.

Vi meiner det bør vera fleksibilitet i regelverket til dømes for lengde av arbeidspraksis. Rigide krav om 2 år praksis i full stilling gjer at motiverte kandidatar som ligg tett opp til kravet, men manglar t.d. nokre veker praksis må vente to år til neste opptak. Små kommunar i distrikta med 1-2 søkjarar blir hardt ramma av krav om 2 års praksis.

Avslutningsmerknad

Vi meiner at dei reglane og krava vi set, må vere tufta på tre byggesteinar:

- Dei skal bidra til at næringslivet, privat og offentleg sektor får dekkja behovet for arbeidskraft.
- At arbeidskrafta har den kompetansen som er naudsynt for å fylle dei stillingane samfunnet har behov for.
- At det er mogleg for dei som er motivert for det, til å få tatt ei høgare utdanning som ein del av si eiga livslange læring, og ved det og nytte ressursane i samfunnet på best mogleg måte.

Med helsing

Hilmar Høl
leiar Sogn regionråd

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift